

Akademisk skrivning? For forskarar? Eit essay

Peer reviewed article

Kåre Johan Mjør*

Høgskulen på Vestlandet

Abstract

The Unit for research support at the HVL (Western Norway University of Applied Sciences) library has since the late 2010s offered a series of relatively short introductions to various topics we believe to be useful for researchers, in particular PhD candidates and early career researchers. In addition to “traditional” library topics such as searching, publishing, open science, reference management, databases and other digital resources, we have included sessions on *academic writing*. The author of this essay has been responsible for these sessions since 2020, and here I will describe more specifically what has been included (and not) within the framework of “academic writing for researchers” and how I understand this topic, that is what I think is particularly relevant for researchers to think about in terms of writing. I will present the theoretical framework I have made use of (in particular Joseph Harris’s book *Rewriting*) and discuss some examples of academic writing that I find to be productive and informative to discuss. I also take into consideration recent events in the Norwegian public sphere that have created new challenges for us librarians who try to guide academics as writers. The goal of the essay is to contribute to a further reflection on and discussion of what “academic writing for researchers by the library” should be.

Keywords: *research writing, rewriting, writing support, writing ethics, text recycling, Mikhail Bakhtin*

*Contact

email: kare.johan.mjor@hvl.no

I 2018 byrja eg å jobba som bibliotekar. Bak meg hadde eg mange år som stipendiat, postdoktor og forskar. I utlysinga til stillinga eg søkte og sidan fekk, stod det at eg skulle særleg jobba med akademisk skrivestøtte for studentar. Kanskje også for forskarar, eg hugsar ikkje heilt.

Dette fall saman med at høgskular på Vestlandet fusjonerte og blei til Høgskulen på Vestlandet. Og biblioteket blei delt i einingar på tvers av studiestader. Eg hadde forskarbakgrunn og hamna, naturleg nok, i Eining for forskingsstøtte. Her hadde dei nye kollegaene mine i Bergen alt utvikla eit undervisningstilbod for stipendiatar, og snart blei eg òg innrullert i opplegget. Og det som først og fremst hamna på bordet mitt, var temaet «akademisk skriving».

Men kva er det for noko?

Eg hadde undervisningsøkta om akademisk skriving første gongen i januar 2020. Eg trengde eigentleg ikkje finna opp hjulet på nytt, ein god kollega i Bergen hadde alt hatt nokre økter for stipendiatar, og ho delte opplegget sitt med meg. Men å bruka andre sine presentasjonar har eg alltid strevd med. Ein må gjera stoffet til sitt eige. Mest handla problemet mitt likevel om at eg ikkje hadde klart føre meg kva øktene burde handla om. Kva er det viktigaste å formidla til stipendiatar og unge forskarar om *skrivning*?

Faktisk har eg sjeldan strevd så mykje med å finna fram eit relevant innhald og ei fungerande form til eit undervisningsopplegg som her. Dette var mykje vanskelegare enn akademisk skriving for studentar, førelesingar i russisk litteratur eller forskingsbaserte konferansepapers internasjonalt. Og faktisk strevar eg framleis, sjølv om eg aldri så mykje har ein digital bunke med presentasjonar eg kan snu. Kvar gong eg skal ha dette temaet, normalt ein eller to gonger i året, kjem tvilen snikande. Funkar det, kommuniserer det? Har dei bruk for dette? Kven er «dei», eigentleg? Dei kjem jo frå så mange ulike fag. Og dei har jo allereie skriveerfaring, først og fremst frå masteroppgåva, stundom omtalt som *sveinestykket* ditt som forskar. Å skulla snakka om skriving er nesten som å halda kurs i vitskapsteori – du plasserer deg høgt der oppe med makt og mynde til å generalisera. Eg er ikkje sikker på om eg er så komfortabel med det. Dessutan har eg, som alle andre i denne bransjen, ein spesifikk fagbakgrunn, i mitt tilfelle frå humanistiske fag, og eg ber på tradisjonar herifrå. Treffer stoffet mitt nødvendigvis forskarar frå helsefag og ingeniørfeltet like godt? Kor universelle er eigentleg normene for god akademisk skriving?

Skrivesnakk

Eg skreiv «snakka om skriving» ovanfor. Ja, det eg skildrar her, er det vi har kome til å kalla for «undervisningsøkter», som nok best kan karakteriserast med den engelske frasen *to give a talk*. «Føredrag» blir eit litt for stort ord her, medan «undervisning» slik ein frå pedagogisk ståstad brukar dette omgrepet i dag, er lite dekkande. Det er tale om digitale økter på Zoom, der vi kan nå alle dei fem studiestadene våre like godt. Noko som samstundes set visse grenser for aktiv deltaking ved deltakarane. Det kan også bruk av engelsk gjera – du når fleire, men fleire kan òg ha sperrer med å be om ordet. «Akademisk skriving for forskarar» har så langt elles

ikkje materialisert seg i særleg grad i form av skriveseminar, med meir aktiv deltaking frå dei som faktisk skriv.

Det kan difor godt innvendast frå ein skrivepedagogisk ståstad at dette tilbodet er mangelfullt. Bortsett frå nokre spede forsøk på diskusjonar i Zoom-plattforma sine *break-out rooms* (der vi arrangørar typisk nok la best merke til alle som stakk av då vi annonserte at det skulle diskuterast), er ramma monologisk. Det dialogiske idealet har eg difor måtta forsøka å nå på anna vis, først og fremst ved å leggja fram stoff i form av spørsmål om korleis ting *kan* gjerast og kva som kan vera lurt å tenka på, ikkje fortelja korleis ting *skal* gjerast (skrivast).

Ein slik «praktikarinnang» er også reflektert i skrivelitteraturen eg har brukt i undervisning og som eg diskuterer med nedanfor: handbøker snarare enn skriveforskning eller teoriar utleidde frå slik forskning. Eg innrømmer gjerne at «akademisk skriving» i eit slikt perspektiv fort blir ein «ting», eller i alle fall ein reiskap, og i mindre grad ein heterogen sosial og sosialiserande praksis, slik skriveforskinga gjerne konseptualiserer det (jf. Castelló & Sala-Bubaré, 2023, s. 367). «Akademisk skriving» slik eg har enda opp med å snakka om det, står for ein type tekst utforma med utgangspunkt i bestemte konvensjonar, som er langt på veg normative, men der det likevel finst ei rekke val du kan gjera.

Akademisk skriving som *research writing*

På den andre sida: også skriveforskinga legg stor vekt på at skriving på høgare nivå, eller det som nokre kallar *research writing*, er altfor underkommunisert og at det er noko som må adresserast meir. Framfor alt fordi unge forskarar, anten no «unge» viser til alder eller til «tidleg i karrieren», strevar med skriving, på så mange ulike måtar.¹ Øktene mine er, som antyda i førre avsnitt, nettopp *snakk* om skriving, og denne snakkeinngangen representerer forhåpentlegvis ikkje *berre* ein mangel.

Eg byrjar då også som oftast med å seia at alt de lærer studentane dykkar om akademisk skriving, gjeld for dykk sjølve. Du må ha gode spørsmål, eller problemstillingar. Teksten må ha ein gjennomtenkt struktur, ein som passar til den studien du skal skriva. Du må argumentera overtydande, altså ha godt belegg for det du påstår. Teksten må ha god flyt og språket må vera klart – akademisk nok til at det gjev analytisk innsikt, men ikkje så akademisk at det blir tungt og står i vegen for det du eigentleg vil seia. Slike ting.

Men likevel. Akademisk skriving for forskarar. Er det også noko meir? Til slutt, eller rettare sagt før første deadline, kom eg fram til eit overordna perspektiv som kunne gjera det til meir enn ei studentøkt, og det var «du og dei andre». Altså korleis du involverer tekstar av andre i din eigen. Med ein gong ein bestemmer seg for ei slik vinkling, må ein sjølv sagt presisera at «dette er viktig for studentar» også. Men for forskarar gjeld det endå meir å vera presis og nyansert når ein posisjonerer seg. Dette er i alle fall ein påstand eg arbeider ut frå.

¹ Eg stør meg her på eit kapittel i *handbook*-sjangeren frå 2023 (Castelló & Sala-Bubaré) og ein systematisk oversikt frå 2022 (Calle-Arango & Reyes). Omgrepet *research writing* er lånt frå førstnemnde. Takk til Norils to grundige fagfellar for nyttige innspel og gode litteraturtips.

Omskriving som overeins-komming

Ei bok eg har brukt når eg snakkar om akademisk skriving for det eg vil kalla eit meir avansert nivå, er *Rewriting: How To Do Things With Texts* av Joseph Harris, som kom første gongen i 2006. Forfattaren erklærer rett nok ikkje at dette er ei bok primært for forskarar, men det er heller ikkje ei bok berre for studentar. Kan henda er dette eit spørsmål Harris medvite unngår, og slik eg les denne boka, verkar ho snarare å vera tenkt for alle skrivande i academia. Derimot kan det vera ei innvending, jamfør mi eiga innvending mot meg sjølv ovanfor, at døma til Harris, som er professor i engelsk litteratur, har ei viss humanistisk og til nød samfunnsvitskapleg slagside. Måten boka drøftar og typologiserer skrivestrategiar på, og ser skriving og teoretisk refleksjon som dimensjonar integrerte i kvarandre, gjer at eg likevel synest ho eignar seg særleg godt for eit høgare – men like fullt tverrfagleg – nivå av *research writing*.

Harris tek utgangspunkt i den akademiske tekstens intertekstualitet. Akademiske tekstar er så godt som alltid ein respons på det andre har gjort før deg. Vi brukar andre heile tida, anten det er tale om teori, metode, tidlegare forskning eller generelt «kjelder». Og det du brukar andre tekstar til, er, med ei omskriving av filosofen J. A. Austin, å få din eigen tekst «gjort» (Harris, 2017, s. 3, jf. Austins boktittel *How To Do Things With Words*). Dermed blir intertekstualiteten eit definerande trekk: «This interplay of ideas defines academic writing» (Harris, 2017, s. 1). Og alle desse ideane og dermed stemmene må integrerast med di eiga stemme, i din eigen tekst. Det er faktisk slik vi blir kreative i akademisk skriving, hevdar Harris – ikkje ved å isolera oss. Ikkje *kan* vi isolera oss heller, og vi blir uansett ikkje særleg kreative om vi forsøker.

Samleomgrepet for denne inngangen til akademisk skriving er *rewriting*. Vi «skriv om» andre for vårt eige føremål, vår eigen tekst. Det neste omgrepet Harris introduserer, som ei konkretisering av *rewriting*, er *come to terms with*. Du skal koma overeins med andre: forstå dei, anerkjenna arbeidet deira, visa kva som er relevant for ditt eige prosjekt og eventuelt peika på kva som manglar der. Og dermed visa kvar og korleis du sjølv kjem inn. Når du gjer dette, skal du vera generøs og kritisk – og då kritisk i akademisk forstand: vurderer sterke og svake sider ved eit arbeid. I regelen finst alltid begge delar.

Vidaresending

Det tredje sentrale omgrepet hos Harris er *forwarding*. Slik du stundom sender vidare ein e-post, vil du mest alltid i eigen tekst føra vidare det andre har gjort før deg.

«Vidaresending» har, etter det eg kan forstå, fleire sider. At vi sender vidare tankar frå andre til ein tredje part (våre lesarar) når vi skriv, er opplagt. Berre heilt unntaksvis vil dei vi brukar, sjølve lesa og respondera, sjølv om det hender det også. Men sjølv om ein aldri så mykje skal ha mottakaren klart føre seg når ein skriv, ligg den verkeleg produktive måten å tenka vidaresending på i det å bruka andre. Det interessante er kva som skjer når du sender vidare, som når du brukar eit bestemt perspektiv på stoffet ditt. Her kan det jo skje mykje. Harris (2017, s. 40–49) utviklar ein typologi over fire grunntypar av vidaresending, men vi kan også lett tenka oss at det finst fleire:

- Illustrering: du brukar materiale frå andre for å få fram poenga dine
- Autorisering: du kallar på ekspertisen andre sit med, til dømes i form av gode argument
- Låning: du brukar perspektiv og omgrep andre har utvikla
- Utviding: kan likna på lån, men her handlar det i større grad om ei overføring, noko som inneber ei teoretisk vidareutvikling av utgangspunktet

Det er særleg dei to siste som er dei kreative her. Som døme på «lån» drøftar Harris mellom anna den kjende studien til Neil Postman *Amusing Ourselves to Death* og måten Postman her nyttar Roland Barthes' myteomgrep for å analysa eit anna materiale frå ein annan kontekst: amerikansk tv-kultur på 1980-talet, ikkje fransk kvardagskultur på 1950-talet – som var det Barthes tok føre seg i klassikaren *Mytologiar*.

Sjølv har eg tenkt at den russisk-amerikanske historikaren Sergey Glebov sin analyse av eurasianismen, ei idéhistorisk retning i eksil som etter revolusjonen i 1917 forsøkte å forstå Russland på ein ny måte, som «Eurasia», er eit godt døme på «utviding» – av undersøkingsfeltet for postkoloniale problemstillingar og teori. Glebovs påstand er at eurasianistane såg seg sjølve som «koloniserte» av vestleg hegemoni. Tanken om Eurasia var følgjeleg antivestleg, Eurasia var for eurasianistane noko radikalt anna enn Vesten. Paradokset er likevel at dei sjølve representerte det gamle imperiet, dei var motstandarar av nye «moderne» og sjølvstendige nasjonalstatar. Dei forsvarte altså imperiet på ein ny måte og såg seg som koloniserte. For å få fram dette poenget brukar altså Glebov postkolonial teori, som jo elles skal hjelpa oss til å forstå dei koloniserte betre, for å forstå dei som koloniserer. Poenget hans er at du kan oppleve eller til og med konstruera ein situasjon som kolonial eller postkolonial utan at han i realiteten er det. Strategien til Glebov er produktiv, men ikkje uproblematisk – han inviterer til nye diskusjonar.

Skiljet mellom lån og utviding er elles ikkje heilt lett, det heller. Men det er gjerne ikkje så viktig å typologisera rett. Det viktige er, igjen, at du brukar andre for å få din eigen tekst «gjort» og den fireledda typologien illustrerer (!) fire ulike måtar det kan skje på.

Det gode dømet: Mikhail Bakhtin

Undervisning om akademisk skriving bør ha gode døme. Ein kan bruka arbeid som er under utvikling dersom nokon vil dela. Ein kan bruka nyare publikasjonar som gjerne liknar dei våre egne forskarar skriv, som tidsskriftartiklar i IMRoD-formatet. Eller ein kan gå til klassikarane og sjå om det er noko å læra der.

På eitt tidspunkt slo det meg at den russiske tenkaren Mikhail Bakhtin måtte vera ein god illustrasjon på *forwarding*. Bakhtin utvikla jo ei tese om forfattaren Dostojevskij, som sidan blei verdsberømt, nemleg at han fann opp den polyfone, eller fleirstemde, romanen. Boka til Bakhtin, *Problem i Dostojevskijs poetikk*, som kom ut første gongen i 1929, men som er mest lesen i den reviderte utgåva frå 1963, er då også ein omfattande analyse av Dostojevskijs romanar som fleirstemde. Dei ulike stemmene er ofte representerte, eller inkarnerte, av ulike personar, men også medvitte til enkeltpersonar er fleirstemt. Tankesettet ditt og identiteten din er forma av møtet med andre, sjølv om du isolerer deg aldri så mykje.

I boka startar Bakhtin altså med ein hypotese, på bakgrunn av ein observasjon: Det er så mange ulike stemmer i romanane til Dostojevskij, og dei talar direkte til oss lesarar. Han finn støtte for dette hos to andre Dostojevskij-forskarar som har observert noko liknande, og utviklar deretter ein hovudpåstand: «Dostojevskij er skaperen av den polyfone roman» (Bakhtin, 2003, s. 136).² Etter dette held han fram med ein meir fullstendig litteraturgjennomgang. Berre i denne framgangsmåten er det mykje å læra for alle som skriv: Korleis skal ein eigentleg opna eit vitskapleg arbeid? Kvar byrjar ein? Kva kjem først – deg sjølv i form av ein idé eller observasjon, eller alt anna som alt er gjort? Det finst ingen fasit, men mange gode døme, og dette er eitt av dei beste og mest illustrerande eg kjenner til.

Dei andre blir uansett snøgt involverte. Hadde tidlegare forskarar sett denne polyfonien før? I hovudsak – nei, ifølgje Bakhtin. Det første kapittelet i boka er som sagt ein omfattande litteraturgjennomgang av tidlegare Dostojevskij-studiar, der Bakhtin undersøker om andre har sett og verkeleg forstått den dialogiske karakteren til romanane. «Monologisering» har vore den dominerande tendensen i resepsjonen, hevdar han, sjølv om ein og annan har innsikter som kjem nær det dialogiske og polyfone perspektivet Bakhtin sjølv utarbeider. «Filosofane» var uansett verst, dei monologiserte Dostojevskij og gjorde han til talerøyr for den eine eller andre posisjonen. Betre var Leonid Grossman: Han såg dialogen, men, som Bakhtin konkluderer etter ein lengre diskusjon, drog han ikkje dei fulle konsekvensane av det han såg. Anatolij Lunatsjarskij kom endå nærare i beskrivinga si, men drog nokre politiske slutningar Bakhtin stiller seg tvilande til.

Teori eller skriving?

No kan ein likevel innvenda: Har alt dette med skriving å gjera? Handlar det ikkje snarare om teoriavklaringar og teoribruk? Om hypoteseutvikling og kunnskapsoversyn? Altså alt du gjer på førehand? Og har det overføringsverdi for dagens stipendiatar og unge forskarar? Det krev i alle fall at ein også fokuserer nettopp på skrivemåten, vinklar det som eit spørsmål om korleis innsikter oppstår gjennom «anstrengelsen med å formulere seg», for å sitera Anders Johansen (2012, s. 15). Dømet med Bakhtin kan illustrera at teoriarbeid, tenking, eller til og med «forskning» ikkje er noko som kjem før skrivinga. Skrivinga er metoden for utforskning og erkjenning, for å halda fast ved Johansens grunnidé. Dessutan, og dette er ei viktig innsikt frå Harris (eg er usikker på om det står der, men eg tenker slik i forlenginga av det han skriv): Dess meir nøye du les det andre har gjort, dess tettare du arbeider på dei, dess tydelegare innser du akkurat kva det er du vil fram til sjølv, og kvar du og dei andre skil lag. Eg trur at Bakhtin er eit godt døme på dette.

Eit anna døme frå vår tid (dei tidlegaste arbeida til Bakhtin er 100 år gamle) kjem frå ei bok frå 2022 av Alessandro Iandolo og handlar om korleis Sovjetunionen forsøkte å skaffa seg alliansar på det afrikanske kontinentet. Dette har andre forska på tidlegare. Men dei har hatt andre perspektiv. Nokre sitat vil illustrera godt ikkje berre korleis Iandolo «forskar», men også

² Eg siterer her frå *Latter og dialog: Utvalgte skrifter*, ei samling Bakhtin-tekstar på norsk, som har med det innleiande (og kunnskapsoppsummerande) kapittelet frå Dostojevskij-boka. Fullstendige omsetjingar av *Problem i Dostojevskijs poetikk* finst mellom anna på engelsk og svensk.

korleis han skriv fram sitt eige argument ved hjelp av andre:

Already in 1970, Robert Legvold offered a pioneering analysis of Soviet policy in West Africa. Detailed and insightful, the book focused on what was assumed to be the Soviet objective at the time [...] Forty years later, Sergei Mazov published the first major historical study of the USSR's interaction with Ghana, Guinea, and Mali. [...] Mazov followed an analytical framework similar to Legvold's and other Sovietologists'. Soviet engagement in West Africa is presented as a «distant front of the Cold War» [...] Both these monographs contributed to creating and reviving a field of scholarly inquiry, and both have stood the test of time. However, historiography of the Cold War since has evolved in a different direction, one in which development and modernization of the Third World have taken center stage, replacing the traditional focus on Europe and on strategic issues. Since the publication of [Odd, KJM] Arne Westad's *The Global Cold War*, the literature has tended to frame the Cold War as a geoideological conflict [...]. (Iandolo, 2022, s. 6–7)

Nettopp kombinasjonen av kritikk og generøsitet er slående i dette utdraget, i det Iandolo brukar andre for å utvikla si eiga tilnærming og sin eigen tekst. Iandolo er dessutan interessant som illustrasjon på kor korte *literature reviews* eigentleg kan vera. Han nøyer seg med eit par kjelder som er særleg viktige på feltet for å posisjonera seg. Utover i boka involverer han sjølv sagt mange fleire. Forfattaren er trygg nok i fagstoffet til å velja ut det viktigaste innleiingsvis.

For min eigen del så har perspektiva til Harris gjort meg endå meir medviten om korleis ein skriv godt akademisk. Eg er ganske sikker på at det har påverka meg sjølv, forhåpentlegvis til det betre, og eg veit sikkert at det har gjort meg til ein meir observant lesar av andre. Eg la nok ikkje i like stor grad merke til dei retoriske grepa i ein tekst som den av Iandolo tidlegare, altså før eg hadde lese Harris.

Frå vidareseandar til vidaresendt

Når det gjeld Bakhtin, så er det ein ting til som gjer at han eignar seg godt som døme på Harris sine påstandar: Han har sjølv blitt vidareført. Han skreiv om litteratur, Dostojevskijs polyfone roman og dialogen hos Dostojevskij. Men i dag brukar jo «alle» Bakhtin. Han er blitt ein *teoretikar* innanfor humanistiske og samfunnsvitskaplege fag, inkludert pedagogikk og didaktikk. Analysen av polyfonien og dialogen har fått status som teori. Biografane hans, Katarina Clark og Michael Holquist, skreiv alt for 40 år sidan at «Mikhail Bakhtin står no fram som ein av dei store tenkjarane i det tjuande hundreåret. På så ulike område som semiotikk, litteraturteori, samfunnsteori, lingvistikk, psykologi, antropologi og kommunikasjonsstudier, held ein i aukande grad arbeida hans for å vera vektige og originale».³ Denne utviklinga har halde fram på stadig nye område, som pedagogikk og studiet av læring.

Eg har sjølv forsøkt å nøsta litt i historikken her, og etter det eg har funne ut, kom eit særleg viktig bidrag frå psykologen James Wertsch. I fleire bøker sidan 1980-talet har Wertsch diskutert Bakhtin som ein sosialkonstruktivistisk teoretikar i klasse med Vygotskij. I Noreg har

³ Sitert i Rasmus Slaattelid sitt etterord til eiga omsetjing av essayet «Spørsmålet om talegenrane» (Bakhtin, 1998, s. 47).

Olga Dysthe ført dette arbeidet vidare, i studiar av «det fleirstemde klasserommet». Kollegaer ved Høgskulen på Vestlandet studerer i dag adressivitet, eit anna bakhtinsk omgrep, i elevtekstar. Bakhtin vidaresende andre for sitt eige føremål, og sidan har han sjølv blitt vidaresendt i nye tilnærmingar på nye fagområde.⁴

Posisjonering og etikk

Eg meiner såleis at Bakhtin er ein god illustrasjon på fleire sider ved det Harris skriv om, først og fremst på korleis du kan bruka tekstar av andre til å få din eigen tekst «gjort». Gjennom dialogen han fører med andre, blir det tydelegare kva Bakhtin eigentleg meiner, han må spissa argumenta og klargjera ei rekke detaljar. Framstillinga blir meir presis, og berre ved å lesa litteraturgjennomgangen skjønar vi kvar han vil med sin eigen analyse, sjølv om denne eigentleg kjem først etterpå. Ein kan lære mykje av Bakhtins litteraturgjennomgangar, både den om Dostojevskij-forskinga og det tilsvarende lange innleiande kapittelet i Rabelais-boka hans, som er særleg kjent for omgrepa om karnevalisme og folkeleg latterkultur.⁵ Generelt: måten Bakhtin går fram på for å posisjonera seg sjølv i eit felt, er forbiletleg.

Så kan det nok diskuterast om Bakhtin er overdrive polemisk i avvisinga av dei «monologiserande filosofane», eller i alle fall utilstrekkeleg generøs, som elles er eit grunntrekk ved Harris' *come to terms with*-strategi. Du skal forstå tidlegare forskning på eigne premiss, eller i alle fall respektera intensjonen. Her er forresten god match mellom Harris og *saklighetslæren* til Arne Næss, ein klassikar i norsk akademia. Denne læra handlar mellom anna om at ein må respektera intensjonen andre har hatt og ikkje bli tendensiøs når ein refererer.⁶ På den andre sida, litteraturvitarar som Grossman, Lunatsjarskij med fleire blir positivt omtalt av Bakhtin for dei korrekte og verdifulle observasjonane sine.

Det fine med Harris og hans perspektiv om forskning som samtale i skrift er at det er ei fruktbar ramme for å ta opp så mange ulike sider av skrive- og forskingsprosessen: frå teoriarbeid i den eine enden av skalaen via forskningsoversikter og *reviewing* til konkrete ting som sitering, parafrasering og oppsummering. Du kan kombinera etikk og handverk. Eit særleg nyttig supplement sidan 2022 har vore den framifrå boka til Solveig Østrem: *Å skrive akademisk: En veiviser for forskere*. Særleg har eg i undervisning vist til dei avsluttande kapitla hennar om problematiske og uansvarlege siteringspraksisar: overfylte parentesar som ikkje seier noko, referansar for sjølvsagde ting, sitering utan sidetal og «passiv» sitering, som er sitering der du som lesar ikkje forstår kva som eigentleg blir sitert. Dei underliggande spørsmåla må heile tida vera: Kva stammar frå andre, korleis brukar du dei og kva blir ditt bidrag i samtalen? Premissen er at du er eit ansvarleg og aktivt forfattarsubjekt.

Dette er i alle fall éin måte som ein kan tematisera den tilbakevendande vansken mange

⁴ Wertsch har i boka *Voices of the Mind* (1991) eit kapittel som heiter «Bakhtin's Contribution». Olga Dysthe skriv under inspirasjon frå Bakhtin i mange arbeid, til dømes i *Det flerstemmige klasserommet* (1995). Hege Myklebust brukar Bakhtin til å analysa elevtekstar i doktoravhandlinga si frå 2018.

⁵ Dette kapittelet finst også i *Latter og dialog* (Bakhtin, 2003) som med andre ord er reine *Doing your literature review*-manualen. Rabelais-studien finst også i ei fullstendig omsetjing på norsk (Bakhtin, 2017).

⁶ Læra er formulert i *En del elementære logiske emner* (Næss, 1975, s. 108–129) som kom i sine første utgåver på 1940-talet.

unge forskarskrivarar opplever med å posisjonera seg som kunnskapsprodusentar i ein forskarfellesskap, med ei eiga «legitim stemme» (Castelló & Sala-Bubaré, 2023, s. 371). Leiande forskarar på akademisk skrivning, som Roz Ivanič, har lagt vekt på at slik skrivning er ein identitetsformande aktivitet. Og sjølv om eg normalt har late problemstillingar av den siste typen ligga, opnar eit overordna perspektiv på akademisk skrivning som identitetsdannande fellesskapsdiskurs eller som djuptgripande intertekstualitet også opp for å drøfta det å skriva med kjelder eller endå meir spesifikt verbbruk og konkrete skriveteknikkar som sitering og parafrasering (Ivanič, 1998. s. 89). Det er nettopp gjennom å inkorporera andre i eigen tekst, gjennom dialog i skrift, at du kan utvikla ei eiga stemme.⁷

***Rewriting* som plagiering?**

Då eg byrja å utvikla undervisningsopplegget om akademisk skrivning for forskarar, hugsar eg at eg tenkte at «plagiat» neppe er nødvendig å snakka så mykje om, det veit jo alle at ein ikkje skal driva med. Rett nok la eg inn litt om det Rebecca Howard (1999) har kalla for *patchwriting*, «lappeteppeskriving», det vil seia utilsikta plagiat som fort oppstår når du prøver å læra deg noko nytt og ikkje minst vanskeleg i eit uvant språk. Poenget med å ta det opp er at det er i slike situasjonar det særleg er viktig å vera på vakt.

Men så kom vinteren 2024 og avsløringane av plagiat på ministernivå. Slurvete masteroppgåver var neppe noko nytt og det trong ikkje ha så store konsekvensar for det eg hadde halde på med – bortsett frå at brått høyrdest ikkje *rewriting* så bra ut lenger. Det blei i alle fall ekstra viktig å understreka kva omskriving i ein positiv forstand er og ikkje er, og at det faktisk er det motsette av plagiat og rapping. *Rewriting* er omskriving ved deg sjølv i dine egne ord for ditt eige føremål: den analysen du skal skriva *no*. Det blei endå viktigare å understreka at det er nettopp når du forhold deg grundig til andre arbeid at du tydleg ser kva som er unikt med det du sjølv held på med.

Brått blei likevel alle litt meir usikre, kjendest det som. Spørsmåla blei nye og fleire. Plagiatsakene på ministernivå fall saman med ei anna sak, nemleg studenten ved Høgskulen i Innlandet som blei skulda for sjølvplagiering. Og ikkje før hadde studenten blitt frikjend i Høgsterett, før ein bokmeldar melde Dag O. Hessen inn for forskningsetisk utval for gjenbruk av eigen tekst utan tilstrekkeleg referering. Han blei frikjend han også, men slike saker bidreg til at «sjølvplagiering», same kor misvisande omgrepet er, er og blir eit tema og truleg også ei kjelde til uro hos dei som skriv akademisk.

I seinare tid er det ikkje berre studentar som har kome til biblioteket og lurt på om eg har lov til ditt og om eg kan gjera datt. Også tilsette spør, til dømes om vi veit om eit verktøy som eg kan bruka for å sjekka om eg har plagiert meg sjølv eller andre (eg svarer prinsipielt «nei», sjølv om det sikkert finst). Og kan eg gjenbruka ting eg har skrive tidlegare? Svaret på det siste er ja, du kan også «omskriva» deg sjølv når du gjer det for å utvikla tankane dine. Du skal berre hugsa å vera open om at her bygger du faktisk vidare på det du har gjort tidlegare,

⁷ Også teoriar om akademisk litterasitet (*academic literacy*), som gjerne legg vekt på skrivning og tekstproduksjon som sosialt situert i eit felt av makt og identitetsdanning, kan vera ei ramme for å tematisera skrivetekniske val du står føre i denne sosialiseringssprosessen (sjå Lillis et al., 2015, s. 4).

det er i alle fall eit lurt råd. Og slik gjenbruk bør tena ei utvikling i di eiga skrivande forskning og formidling, sjølv om det vil vera mange gråsoner når ein står midt oppe i eit større prosjekt. Etter mitt syn er «å bruka andre tekst» – av andre eller til og med deg sjølv – «for å få din eigen tekst gjort» meir enn nokon gong eit viktig perspektiv.

Når det gjeld dette med «sjølvplagiering», eller meir generelt og meir presist gjenbruk eller resirkulering av tekst, finst det nyttige oversikter over ulike former,⁸ nokre akseptable og til og med nødvendige, andre definitivt ikkje. Sjølv har eg delt med deltakarane eit sitat frå ein sommarprat i Khrono (2023) med nordist og professor Unn Røyneland, som på spørsmålet om kva forhold ho hadde til «sjølvplagiering», svarte:

— Eg er ikkje så nøgd med sjølve omgrepet. Umoralen i plagiat er å ta noko frå andre og late som om det er eins eige. Det er også viktig å vere klar og reieleg om gjenbruk av eigen tekst, men her er det endå fleire gråsoner. Det er stor forskjell på å framstille gamle resultat som nye og det å stadig utvikle tankerekker over tid i ulike kontekstar. Mykje humanistisk eller teoretisk forskning meir generelt, er av ein slik art at det kan sjå ut som om vi gjentek oss sjølve når vi forsøker å forbetre eit tankeinnhald eller resonnement.

I ei tid der stadig fleire blir tilsynelatande meir og meir usikre på både eiga og andre si skriving, har eg ofte ikkje noko betre svar enn å be folk sjekka med eiga sunn fornuft, dømmekraft og klokskap. Slikt bygger jo på erfaring. Men ein treng ikkje bli emeritert for å endeleg innsjå korleis ting skal gjerast. Eit av dei beste råda eg har kome over dei siste åra, står i Lynn Nygaards fine *Writing for Scholars*. Sjå på artikkane og bøkene andre har skrive og som ligg føre deg på skrivebordet.⁹ Les ikkje berre med tanke på «funn» eller «resultat» eller «konklusjonar» – les også med tanke på korleis tekstane er komponerte og med tanke på alle vala forskarane som forfattarar har gjort. Alt er ikkje like bra der, heller. Men du kan samanlikna, og du vil sjå at forfattarar faktisk gjer ting ulikt. Kanskje oppdagar du fagspesifikke tradisjonar, gode så vel som mindre gode. Og då innser du at du sjølv kan gjera val du kan argumentera og stå for.

Referansar

- Bakhtin, M. M. (1998). *Spørsmålet om talegenrane* (R. Slaattelid, Oms.). Ariadne.
- Bakhtin, M. M. (2003). *Latter og dialog: Utvalgte skrifter* (A.J. Mørch, Oms.). Cappelen.
- Bakhtin, M. M. (2017). *Latterens historie: François Rabelais' forfatterskap og folkekulturen i middelalderen og renessansen* (G. Pollen, Oms.). Vidarforlaget.
- Calle-Argano, L. & Ávila Reyes, N. (2022). Obstacles, Facilitators, and Needs in Doctoral Writing: A Systematic Review. *Studies in Continuing Education*, 45(2), 133–151.

⁸ Eg siktar her til arbeida til trioan Susanne Hall, Cary Moskovitz og Michael Pemberton (t.d. 2021). Eg blei merksam på desse studiane under Helene Andreassens innlegg på seminaret til «Bibliotekenes nettverk for ph.d.-støtte», april 2024.

⁹ Nygaard (2015, s. 102) skriv dette i samband med spørsmålet om relevant struktur («må eg skriva i IMRoD-formatet?»), eg generaliserer poenget her til å gjelda for dei fleste sider ved den akademiske skriveprosessen.

<https://doi.org/10.1080/0158037X.2022.2026315>

- Castelló, M. & Sala-Bubaré, A. (2023). Research Writing as a Tool for Doctoral Students and Early Career Researchers' Development. I R. Horowitz (Red.), *The Routledge International Handbook of Research on Writing* (s. 366-378). Routledge.
- Dysthe, O. (1995). *Det flerstemmige klasserommet: Skrivning og samtale for å lære*. Ad Notam.
- Glebov, S. (2017). *From Empire to Eurasia: Politics, Scholarship, and Ideology in Russian Eurasianism, 1920s–1930s*. Northern Illinois University Press.
- Hall, S., Moskovitz, C. & Pemberton, M. (2021). *Understanding Text Recycling: A Guide for Researchers*. Textrecycling.org. <https://textrecycling.org/files/2021/06/Understanding-Text-Recycling-A-Guide-for-Editors-V.1.pdf>
- Harris, J. (2017). *Rewriting: How to do Things with Texts* (2. utg.). Utah State University Press.
- Howard, R. M. (1999). *Standing in the Shadow of Giants: Plagiarists, Authors, Collaborators*. Ablex.
- Iandolo, A. (2022). *Arrested Development: The Soviet Union in Ghana, Guinea, and Mali, 1955–1968*. Cornell University Press.
- Ivanič, R. (1998). *Writing and Identity: The Discoursal Construction of Identity in Academic Writing*. John Benjamins Publishing Company.
- Johansen, A. (2012). Skrivemåte og metode. I A. Johansen (red.), *Kunnskapens språk: Skrivearbeid som forskningsmetode* (s. 9–28). Spartacus.
- Khrono. (2023, 21. juli). *Språkprofessor er ikke nøgd med omgrepet sjølvplagiering*. <https://www.khrono.no/sprakprofessor-er-ikkje-nogd-med-omgrepet-sjolvplagiering/795944>
- Lillis, T., Harrington, K. & Lea, M. R. (Red.). (2015). *Working with Academic Literacies: Case Studies Towards Transformative Practice*. Parlor Press.
- Myklebust, H. (2018). *Spor av dei andre: Adressivitet i argumenterende tekstar* [Doktoravhandling]. NTNU.
- Nygaard, L. P. (2015). *Writing for Scholars: A Practical Guide to Making Sense & Being Heard*. Sage.
- Næss, A. (1975). *En del elementære logiske emner*. Universitetsforlaget.
- Wertsch, J. V. (1991). *Voices of the Mind: Sociocultural Approach to Mediated Action*. Harvard University Press.
- Østrem, S. (2022). *Å skrive akademisk: En veiviser for forskere* (2. utg.). Cappelen Damm.